

AVTALE

MELLOM
SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE (SFFK)
org. nr. 941 388 841

OG
SOGNDAL KOMMUNE (SK)
org. nr. 936 401 651

1 Bakgrunn

Bakgrunnen for denne avtalen er at SK planlegg bygging av nytt parkeringshus og ny idrettshall på campus Sogndal. SK treng då å kjøpe grunnareal av SFFK.
Vidare har partane avtale om felles parkeringsordning på Campus Sogndal, sist revidert/dagsett 15. januar 2015.

2 Føremål

Avtalen har som føremål

- at SK kjøper naudsnyt areal av SFFK til utbygging av nytt parkeringshus og ny idrettshall
- å sikre god tilkomst til det eksisterande parkeringsanlegget til SFFK under Sogndal vidaregåande skule
- å sikre parkeringsdekking til SFFK sin bygningsmasse på campus Sogndal.
- å leggje til rette for auka parkeringskapasitet under bakken på campus Sogndal ved at SK byggjer ut ny p-kjellar, etter dette kalla p-kjellar Sognahallen.

3 Kjøp/sal av areal

SK kjøper areal frå SFFK til utbygging av p-kjellar Sognahallen i samsvar med vedlagd illustrasjonsplan/kart. Arealkjøpet vert gjort opp i samsvar med strategi for eigedomserver vedteken i eigargruppa for campus Sogndal. Revidert til jan 2019 er satsen kr 377,52 /m². Oppgjerset finn stad etter at kartforretning er gjennomførd. Sats vert justert til oppgjerd tidspunkt.

4 Tilkomst til p-anlegget til SFFK

SFFK har ein varig rett til tilkomst til p-anlegget under Sogndal vidaregåande skule gjennom p-kjellar Sognahallen. Det skal leggast til rette med gode trafikksystem for å ivareta gåande, syklande og køyrande på best mogleg måte. SFFK betaler ikkje vederlag for denne retten.

5 Kjøp av p-plassar

SFFK får full og varig disposisjonsrett til 20 p-plassar i p-kjellar Sognahallen. For dette betaler SFFK maksimum 300 000,- pr. plass inkl alle avgifter, totalt 6 mill. til SK. Vert dokumenterte kostnader lågare skal prisen reduserast tilsvarende. Innbetaling vert gjort når anlegget er ferdig/overtatt og sluttoppstilling ligg føre. Desse parkeringsplassane dekker inn all manglande p-dekking i samband med utbygging av Sogndal vidaregåande skule, jf. forvaltningsutvalet si sak 22/14. SFFK får då varig dispensasjon for dei resterande 20 p plassane i vedtaket.

6 Gangveg/utomhusareal

Når SK bygger nytt parkeringshus og ny idrettshall må eksisterande gangveg/varetilkomst til Sogndal vgs leggast om utan kostnad for SFFK. SK pliktar å legge om og opparbeide ny

gangveg/varetilkomst og beplanting med tilsvarende kvalitet som den som er der i dag. Dette gjeld også om det er naudsynt med omlegging av tekniske anlegg i grunn.

7 Andre tilhøve

Denne avtalen kan tinglysast. Kostnadene ved tinglysing vert bore av den parten som ønskjer tinglysing.

Twist skal søkjast løyst mellom partane. Dersom desse drøftingane ikke fører fram skal partane gjennomføre mekling i samsvar med reglane i twistelova. Dersom mekling ikke fører fram vert twisten avgjort av ordinær domstol, med Sogn tingrett som verneting.

Avtalen er skreve under i to eksemplar, eitt til kvar av partane.

Avtalen trer i kraft ved underskriving.

Avtalen har følgjande vedlegg:

- Illustrasjonsplan/kart

Sogndal/Leikanger,

Tore Eriksen
fylkesrådmann
Sogn og Fjordane fylkeskommune

Jostein Aanestad
rådmann
Sogndal kommune